



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 11.05.2015

Vår ref.: 2014/19373-13

Saksbehandlar: heihand

Dykkar ref.: «REF»

Områdeplan Skaganeset - industriområde og vegtilkomst - gnr 49 bnr 12, 14 m.fl. - Sund kommune - tilbakemelding på revidert planmateriell

Vi viser til brev av 24.04.15, samt tidlegare korrespondanse og kontakt i saka vedrørende motsegn fra Hordaland fylkeskommune i høve kulturminneinteresser i områdeplan for Skaganeset.
Områdeplan til offentleg ettersyn la fram to alternative vegtrasèar, kor alternativ 1 er utbetring av eksisterande veg og alternativ 2 er ny vegtrasè kor ein del av trasèen råkar omsynssone for vern av kulturmiljø i Kvalvågen.

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune fremja i brev datert 18.09.15 motsegn til områdeplanen, vegalternativ 2, på grunnlag av vesentleg konflikt med kulturmiljø av høg kulturhistorisk verdi. Fylkeskommunen tilrådde alternativ 1, oppgradering av eksisterande veg.

1. *Hordaland fylkeskommune tilrår vegframføring alternativ 1 – utbetring av eksisterande veg. Planområdet for dette alternativet bør også inkludere arealet på vestsida av Vågen og vidareføre omsynssone C for Kvalvågen i kommuneplanen sin arealdel*
2. *Kvalvågen er eit svært viktig kulturmiljø av nasjonal verdi. Vegframføring alternativ 2 kjem i konflikt med kulturmiljøet. Hordaland fylkeskommune fremjar derfor motsegn til alternativ 2. Motsegna blir trekt dersom alternativ 2 blir teke ut.*
3. *Marinarkeologisk registrering etter §§9 og 14 i kulturminnelova må gjennomførast i områdeplanen sitt sjøareal, og tilhøvet til eventuelle nye automatisk freda kulturminne må avklarast. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglande marinarkeologiske registreringar.*

Vi har i e-post frå Bergens Sjøfartsmuseum 20.10.14 fått stadfesta at sjøareal i planen er tilstrekkeleg undersøkt. Pkt. 3 i motsegna er såleis avklart.

På grunnlag av innspel i høyningsprosessen vurderte Sund kommune det slik at alternativ 1 ikkje vil gi tilfredsstillande tryggleik i trafikkavviklinga til Skaganeset. Kommunen ville såleis ikkje ta ut alternativ 2 slik fylkeskommunen si motsegn kravde. Det har vore gjennomført fleire møte og synfaring med Sund kommune og fylkeskommunen for å komme fram til ei løysing av trasèalternativ 2 som er egna til å ivareta både trafikale utfordringar og omsyn til kulturmiljøet i Kvalvågen.

Tidlegare planframlegg på Skaganeset har vore handsama av Miljøverndepartementet i 2009. For å imøtegå departementet sine føresetnader for planarbeidet har Hordaland fylkeskommune bedt om

terrengsnitt som illustrerer verknaden av nye bygg i høve omliggende terrenget på Skaganeset, jf vårt brev av 18.09.15, samt øvrige kontakt i saka, seinast møte 14.01.15.

Kulturminne på Skaganeset og i Kvalvågen

Sund kommune ønskjer å tilrettelegge Kvalvågen for formidling. Kommunen har i den samanheng førespurt fylkeskommunen korleis området kan synleggjera i kjelder for kulturminnedata. Området har eit stort potensiale for formidling og tilrettelegging for publikum. Kvalvågen er inkludert i Hordaland fylkeskommune si liste over prioriterte kulturminneområde for skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne («BARK»-lista), og fylkeskommunen vil følgje opp dette arbeidet i samarbeid med Sund kommune.

Arkeologiske kulturminne blir rutinemessig registrert i Riksantikvaren sin nasjonale kulturminnedatabase Askeladden. I Askeladden er det òg muleg å leggje inn kulturminne som ikkje er freda etter kulturminnelova. Fylkeskommunen har no lagt inn Kvalvågen som ein kulturminnelokalitet i Askeladden (id-212567). Lokaliteten er lagt inn med same avgrensing som omsynssone c i kommuneplanen sin arealdel. Heile arealet er ikkje freda etter kulturminnelova, men har gjennom omsynssone i KPA vern heimla i pbl. Lokaliteten er òg no synleg i kulturminnesøk, Askeladden sin publikumsversjon. I kulturminnesøk er det t.d. mogleg for publikum å legge inn foto av kulturminne dersom ein ønskjer det.

Vurdering

Byggehøgder

I brev av 24.04.15 frå Sund kommune er det lagt ved terrengsnitt som viser verknad av nye bygg, kor arealet A1 og B1 er gjeve redusert maksimal byggehøgde frå kote +35 til +31. Vi ber om at høgda blir redusert minst tilsvarende òg i arealet C2, frå kote +35 til kote +31, av omsyn til visuell innverknad på steinalderbuplassane lengst nord på Skaganeset.

Føresegner

Vi ber om at følgjande tekst blir teke inn i føreseigner til omsynssoner c og d:

Pkt 10.2: *Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som vesentleg kan forringe dei kulturhistoriske verdiane i omsynssona. Tiltak i omsynssona skal leggjast fram for kulturminnemynde, jf kml §§ 3 og 8.*

Pkt 10.3: *I bandleggingssona er det steinalderbuplassar, automatisk freda kulturminne jf. kml § 4. Tiltak som er egna til å øydeleggje, skade, tildekke eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne er ikkje tillate. Tiltak eller aktivitet som kan ha innverknad på automatisk ferda kulturminne, herunder skjøtsel av skog og liknande, skal leggjast fram for kulturminnemynde, jf. kml §§ 3 og 8.*

Oppsummering

Vi ber om at maksimal byggehøgde i arealet C2 blir redusert med minimum 4 meter og at tekst som ovanfor blir teke inn i føreseigner til omsynssone c og d. Dersom ovannemnde justeringar blir teke til følgje, vil Hordaland fylkeskommune kunne trekke motseagna til områdeplan for Skaganeset. Vi ber Sund kommune om tilbakemelding på dette.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Sund kommune - Gerhard Storebø
Hanne Kathrin Vie - planseksjonen